

## HØYRING OM ORDNING OM MELLOMBELS TILSKOT TIL FRIVILLIGHEITS- OG IDRETTSSEKTOREN SOM FØLGJE AV COVID-19

I Norge finns det truleg over 3000 lokale lagseigde kulturhus. I tillegg finn ein lag og organisasjonar som har tilhald i desse husa. Desse organisasjonseigde kulturbygga, som ungdomshus, grendahus, samfunnshus, bedehus og bygdehus, er levande kulturarenaer og er i stor grad finansiert med dugnad og frivillig innsats. Husa betyr mykje for samhald og identitet i små og større bygder og byar. Dei bidreg med kulturproduksjonar, gjev lys i vindauga og aukar bulysta mange stadar. Mange hus opplever òg fornya engasjement, og dei vert brukt dagleg i lokalsamfunna.

Organisasjonen Huset i Bygda (HiB) arbeidar for å løfte fram og synleggjere alle former for organisasjonseigde kulturbygg som viktige kulturarenaer, og utvikle møtestader og verktøy som kan gjere dei lokale laga til meir kompetente huseigarar. På den måten vil vi skape meir synlege og sterkare organisasjonseigde kulturbygg i Noreg.

Koronakrisepakkanne for frivilligheita har vore effektive og gode tiltak for å hjelpe frivillige lag og organisasjonar gjennom krisa, og vi vil gje honnør til departementet for dette. HiB har stor tru på at stimuleringsordninga vil vere eit viktig nytt tiltak for å unngå at mykje av det lokale engasjementet kring frivillige kulturaktivitetar forvitrar eller forsvinn som konsekvens av koronakrisa.

Det frivillige kulturlivet i Norge prega av eit stort mangfald. Det er òg store forskjellar i korleis laga er organisert og drifta. Vi er eit langstrakt land med stor ulikskap i busetnadsstruktur, noko som naturlegvis òg gjev rammer for storleik og utforming av lagsstrukturen. Nokre hus er bygd for å romme fleire hundre menneske, mens andre hus fungerer som grendahus for små stadar, der det ikkje er rom for meir enn 30-40 personar i huset. Desse husa er sjølvstekt like viktig for lokalsamfunna, som andre og større hus. Mange av desse små grendahusa har ikkje fasilitetar for å møte koronarestriksjonane. Dette gjer det svært krevjande å gjennomføre aktivitetar og arrangement slik den nye forskrifta føreset. M.a. vil typiske lagsaktivitetar, som basar og markadar, i praksis vere svært vanskeleg eller umogleg å gjennomføre med dagens smittevernrestriksjonar.

HiB vil difor oppmode kulturdepartementet om at forskrifta vert utforma på ein slik måte det i større grad vert teken omsyn til det mangfald av frivillige kulturorganisasjonar som finns i Norge. Det vil vere eit viktig bidrag til å ivareta den store underskogen av små lokale frivillige lag og organisasjonar vi har i Norge.

Eitt alternativ er at departementet, i tillegg til stimuleringsordninga, vidarefører dagens koronakompensasjonsordning og at tapskompensasjonen på 50% blir vidareført. Dette vil sikre at dei husa og huseigarane som ikkje har moglegheit til å gjennomføre vanlege arrangement, er i stand til å dekke faste kostnader så lenge koronarestriksjonane gjeld. Samstundes vil ein høgare kompensasjonsgrad (70-100 prosent) medverke til at stimuleringsordninga vert eit godt insentiv for dei som har moglegheit til å gjennomføre aktivitetar, slik at ein unngår misbruk av ordningane.

HiB er òg glad for at departementet vil sette av 80 MNOK i ei eiga ordning for frivillige organisasjonar, som av ulike årsaker ikkje kan registrere seg i frivillighetsregisteret, som kyrkjelydar og lokale kulturhus registrert som samvirkeføretak. Vi ber om at dette avsnittet i høyringsutkastet vert teken inn i ev. vidareføring av forskrift for koronakrisepakke eller i ny mellombels stimuleringsordning.

Når det gjeld tilskot til organisasjonar etter lik prosentvis mengd, fordelt på organisasjonar som fekk meirverdikompenasjon i 2020, tolkar vi det slik at berre sentralledet (dvs. landsdekkjande organisasjonar) kan søke. Det betyr at ordninga ikkje gjeld for lag og organisasjonar som ikkje er medlem av landsdekkjande organisasjonar, sjølv om dei søkte og fekk meirverdikompenasjon i 2020. Vi er usikre på kvifor departementet har gjort eit slik differensiering mellom frivillige organisasjonar og ber departementet vurdere om det kan vere hensiktsmessig å endre vilkåra til å gjelde alle frivillige organisasjonar som fekk meirverdikompenasjon i 2020.

Vi vonar at Kulturdepartementet nyttar seg av innspela våre og ønskjer departementet lukke til med arbeidet!

Med beste helsing



Christoffer Knagenhjelm

Rådgjevar for kulturbygg  
Tlf.: 48004817  
[Christoffer@ungdomslag.no](mailto:Christoffer@ungdomslag.no)